

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-122	21/889

Saknr	Utval	Type	Dato
081/2021	Formannskapet	PS	18.10.2021
012/2021	Ungdomsrådet	PS	04.11.2021
019/2021	Ungdomsrådet	PS	29.11.2021

Opstart av kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 - 2033

Vedlegg:

Journalposttittel

Planprogram for kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 - 2033 av 23.09.2021

Dato

11.10.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-12 oppstart og kunngjering av arbeidet med kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 – 2033, og at framlegg til planprogram dagsett 23.09.2021 vert sendt på høyring i medhald av § 4-1 i same lov.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Masfjorden kommune har i samband med vedtak knytt til planstrategi i kommunestyremøte den 30.11.2020 vedtatt å vurdere å starte opp arbeidet med ein hovudplan for drikkevatt. Det er ikkje laga hovudplan for drikkevatt tidlegare, men planar for kvart einskild vassverktbygging. ROS analyse for vassforsyninga vart godkjent i kommunestyret den 04.05.2017, i sak 015/17. Vass- og avlaupshandtering er ei av kommunen sine primær oppgåver, og i tillegg er oppretthalding av godt vassmiljø viktig.

Rådmannen rår til at det vert utarbeida ein eigen plan for drikkevatt og avlaup for perioden 2021 – 2033, og at planen skal utarbeidast som ein kommunedelplan etter plan- og bygningsloven sin reglar.

På bakgrunn av dette er det no laga eit framlegg til planprogram, som skal klargjere føremålet med

planarbeidet, og avklara målsettingar, rammer og premissar for den vidare prosessen.

I planprogrammet vert det føreslått kva tema og problemstillingar som bør løysast i planarbeidet, og kva utgreiingar som er naudsynte for å få eit godt nok beslutningsgrunnlag. Vidare skildrar planprogrammet framlegg til medverknad og informasjon. I kapitlet om organisering av arbeidet vert det lagt opp til at formannskapet vert politisk styringsgruppe, og at rådmannen oppnemner ei administrativ arbeidsgruppe. I tillegg rår ein til å invitere inn fagpersonar og representant frå GMU og Gulen kommune inn i ei utvida referansegruppe.

Planprogrammet vert lagt ut på høyring samstundes med varsel av oppstart av planarbeidet. Innspel til planprogrammet skal vurderast før kommunestyret fastset endeleg planprogram. Sjølve framlegg til kommunedelplan skal deretter utarbeidast, og etter politisk handsaming verta sendt ut på offentleg ettersyn og høyring. Til slutt vert planen handsama endeleg i kommunestyret.

Vurdering

Administrasjonen meiner det er viktig å få drøfta mange problemstillingar, men at det er spesielt viktig å få drøfta den vidare utviklinga av hovudvassverket. Dette for å sikra ei forsvarleg og robust drift på lang sikt, og for å drøfta kva behov og investeringar som bør prioriterast i planperioden (2021 – 2033). Ein ser at kapasitetsgrensene til hovudvassverket stadig vert pressa meir og meir, og at ønskjer om å få fram kommunalt drikkevatn (eller om å få meir kommunalt drikkevatn) kjem både frå utbyggjarar, innbyggjarar og næringslivet. Administrasjonen ønskjer med planarbeidet å få sikre eit godt fagleg grunnlag for politiske beslutningar knytt til vatn og avlaupsområdet, slik at Masfjorden kommune får eit langsiktig styringsdokument, som både er teknisk/økonomisk optimalt og framtidsretta for heile Masfjorden kommune.

Konklusjon

Rådmannen rår til at det vert utarbeida ein eigen kommuneplan for drikkevatn og avlaup for perioden 2021 – 2033, og at det vert gjort vedtak om oppstart av planarbeid og høyring av planprogrammet.

Formannskapet - 081/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-12 oppstart og kunngjering av arbeidet med kommunedelplan for drikkevatn og avlaup for Masfjorden kommune 2021 – 2033, og

at framlegg til planprogram dagsett 23.09.2021 vert sendt på høyring i medhald av § 4-1 i same lov.

Ungdomsrådet - 019/2021

UNG - behandling:

Torill orienterte kort om saka

Rådet ønskjer å bli orientert om kven som får kommunalt vatn i Masfjorden kommune. Teknisk sjef vert invitert til eit seinare møte.

Saka vart teke til orientering.

UNG - vedtak:

Saka vart teke til orientering.